

Integreringstilbod på Ryfylkemuseet

Ryfylkemuseet har engasjert seg i integreringsarbeidet heilt sidan dei første flyktningane kom frå Jugoslavia gjennom ulike dokumentasjons- og forskingsprosjekt. For informasjon om dei tidlegare prosjekta, sjå vår nettside: <http://ryfylkemuseet.no/tidlegare-forskinsprosjekt/>.

Under har me lista opp dei tiltaka/prosjekta me gjennomfører i dag der eit av hovudmåla er at det skal bidra til ei god integrering.

Internasjonal kafé

Internasjonal kafé er eit integreringstilbod som føregår om lag ein gong i månaden i Ryfylkemuseet sine lokaler på Sand i Suldal. Kafeen har vorte drive sidan 2004, og blei frå 2012 drive i samarbeid med introduksjonstenesta i kommunen. Det kjem mellom 40 og 100 på kafeane, og det pleier å vera eit mangfaldig publikum når det gjeld alder og kulturell bakgrunn. Målet med kafeen har vore å skapa ein nøytral møteplass mellom innbyggjarar i Suldal med ulik kulturell bakgrunn, og med eit særleg fokus på at innvandrarar og etniske nordmenn skal møtast. Utgangspunktet for arrangementet var mellom anna ulike dokumentasjons- og forskingsprosjekt ved museet som visste at mange innvandrarar sakna eit større sosialt nettverk og at det var få møtestader på Sand, særleg på tvers av kulturar. Dermed starta ein opp eit arrangement med maten som felles referansepunkt mellom ulike kulturar.

Den internasjonal kafeen går føre seg ved at innbyggjarar i kommunen med ulik kulturell bakgrunn, også etniske nordmenn, blir invitert til å laga matrettar. Det er alltid nokon med frå introduksjonsprogrammet, anten ved å lage mat og/eller ved å vera med å rydde før og etter arrangementet. Slik får dei språkpraksis og arbeidserfaring, i tillegg til at dei får nye kontaktar i lokalsamfunnet. I tillegg til matlagninga, kan det også vera kulturelle innslag som song, musikk, dans, forteljarstunder, leiker mm. I nokre tilfelle er det profesjonelle som står for desse innslaga, til dømes har me konserter med folkemusikk for ulike land to gonger i året. Desse konsertane er støtta av Norsk kulturråd og er ein viktig del av museet si verksemd som folkemusikkarkiv for Rogaland. I andre tilfelle inviterer me publikum til å delta med kulturelle innslag, til dømes ved å visa leiker frå deira heimland. Dermed er publikum i stor grad aktive deltakarar på arrangementet, det er ikkje museet og introduksjonstenesta som lagar eit arrangement for innbyggjarane i kommunen, det er innbyggjarane som lager noko i fellesskap. Me prøver også å inkludera alle ved å setje prisen for inngang låg. Ein betaler 50 kroner for inngang, og då kan ein ete så mykje ein vil. Me meiner at låg pris eller gratis inngang er ein føresetnad for å få til inkluderande møtestader på museet.

Nokre av kafeane har gått føre seg på våre gardsanlegg i Suldal kommune. Ved å reise ut til desse anlegga får me formidle kunnskap om det landet innvandrarane har komme til. På desse kafeane har me teke med oss norske leikar frå tidlegare tider. I likskap med maten, har dette også vist seg å vera eit felles referansepunkt mellom kulturar. Til dømes har mange innvandrarar kjennskap til det å trille tønneband eller sykkelfelgar frå deira heimland. Slik får ein formidla at det er mange likskapar mellom kulturar. Samtidig får ein også brote nokre myter om dei norske tradisjonane ved å få fram kor globale mange av tradisjonane i røynda er.

17. mai for alle

17. mai for alle går føre seg på same måte som Internasjonal kafé, men med særleg fokus på demokrati og fridom. Sidan det handlar om nasjonaldagen, er det litt meir fokus på norsk mat enn

det som har vore vanleg på dei internasjonale kafeane. Arrangementet har vorte gjennomført sidan 2014 i samarbeid med diakonen i Suldal og 17-mai-komiteen på Sand. Det har vore eit populært tilbod med godt over 100 besökande kvar gong.

Foreldre- og småbarnskafé

Foreldre og småbarnskafé blei initiert i 2016 av ein tilsett ved museet som hadde observert at det er eit stort fleirtal av etniske nordmenn på ulike babytreff i kommunen. Dessutan har det ofte vore press på å kjøpe mat og drikke i og med at dei ofte føregår på kafear. Museet starta difor eit låg terskel-tilbod der småbarnsforeldre kan møtast og få gratis kaffi eller te, og ta med seg eigen mat om dei ynskjer det. Kafeen går føre seg i ei interaktiv utstilling for barn basert på ei forteljing av den lokale forfattaren Rasmus Løland. Vanlegvis tek me billettinntekter for denne utstillinga, men det er gratis inngang under dette arrangementet. Slik får me opna opp eit av våre barnetilbod for barnefamiliar med avgrensa økonomi.

Denne kafeen er lite krevjande for oss å drive samanlikna med den internasjonale kafeen sidan det ikkje er mat eller kulturelle innslag. Samtidig kan me dra nytte av den kontakten med innvandrarar som me har oppnådd gjennom drifta av kafeen. Dette gjer det enklare for oss å rekruttere eit mangfaldig publikum til foreldre- og småbarnskafeen. Eit vellykka integreringstilbod gjer det dermed enklare å starte opp nye tilbod.

Dialogprosjektet Barn i bygda

I august 2016 starta me opp med dokumentasjons- og dialogprosjektet «Barn i bygda». Prosjektet har som mål å betre forståinga av barn sine oppvekstvilkår i eit fleirkulturelt bygdesamfunn. Me tenkjer at auka kunnskap i samfunnet om ulike måtar å forstå barndom og barneoppseiing vil betre integreringsprosessen av innvandrarfamiliar.

Feltarbeidet vil gå føre seg gjennom intervju og observasjon av barnefamiliar med ulik kulturell bakgrunn i Ryfylke, deriblant etnisk norske familiar. Me kjem også til å intervju tilsette i offentlege institusjonar som forholder seg til barn og familiar, til dømes helsevesen, barnevern, introduksjonsteneste, skule og barnehage.

Prosjektet vil ha eit kulturhistorisk utgangspunkt der me skal søkja å dokumentere og forstå dei holdningane og handlingane me kan observera eller bli fortalt om.

Meir om prosjektet finn de her: <http://museumsetikk.no/index.php/portfolio-items/barn-i-bygda/>

Framtidige planar

Utover det nemnde over, har me ingen konkrete planar for nye mangfalds- og integreringsprosjekt. Det kan vera verdt å nemne at me prøver å tenkje mangfold og integrering i mykje av vår utoverretta verksemd, og ikkje berre når me gjennomfører særskilte mangfaldsprosjekt. Til dømes laga me ei utstilling om leiketradisjonar i Ryfylke tidlegare i år. Då var det naturleg for oss å også inkludera leiketradisjonane til dei tilflytta ryfylkingane, og ikkje berre dei som har budd der heile livet sitt. I utstillinga er det difor ein video der Nenad Ignjatic fortel om sin oppvekst i Zenica i Jugoslavia på 1960- og 70-talet. Nenad kom til Suldal i 1995. Etter denne videoen kjem det ein video der Gunvor Bakka som er oppvaksen og bur i Suldal, fortel korleis ho leika på 1950-talet. Dermed skildrar utstillinga korleis Suldal er vorte ein fleirkulturell kommune der dei gamle tradisjonane møtes med dei nye som innflyttarane tek med seg.